



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 06.01.2026

Vår ref.: 202511193-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til å avgrensa bruken av anleggsvegar i Blåfalli-vassdraget i Kvinnherad kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Sunnhordaland Kraftlag AS (SKL) om løyve til å avgrensa den frie tilgangen publikum har til deira vegar i Blåfalli-vassdraget i ein periode på 5 år.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå SKL, datert 12.05.2025, om løyve til å avgrensa den frie tilgangen publikum har til deira vegar i Blåfalli-vassdraget. Vilåret om at vegane skal vere opne følgjer av vilkår nr. 11 i kgl.res. av 04.04.2025 (Løyve til å byggje Blåfalli Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad kommune):

«Veier, broer og kaier som konsesjonæren anlegger, skal kunne benyttes av allmenheten, med mindre NVE vedtar noe annet.»

Anleggsvegen det gjelder går frå fylkesveg 5024 inn til dam Møsevatn, med ei samla lengde på 20 km. Som følgje av planlagt gjennomføring av fleire større prosjekt har SKL behov for å avpasse trafikkmengda på vegar for å vareta HMS, trafikktryggleik og formålstenleg gjennomføring av prosjekta.

SKL sine prosjekt medfører store mengder tungtransport, og dei erfarer at det er problematisk å få gjennomført sine prosjekt når vegen er open for alle. Vegen blir i dag brukt av grunneigarar til frakt av sau til og frå beite, og som tilkomst til hytter og eit skisenter. Dei seinare åra har vegen også i større grad vorte nytta til friluftsliv og turisme.

Anleggsarbeida vil halda fram i fleire år, men behovet for å avgrensa trafikken varierer gjennom døgn, veke, månad og år, og på dei ulike delane av vegane. Som eit alternativ til å stengja dessa permanent i fleire år, meiner SKL det er formålstenleg å tilpassa avgrensingane til dei faktiske behova, slik at vegane i størst mogleg grad kan vera tilgjengeleg når det ikkje kolliderer med anleggsverksemda.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9828/v



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Kva ønskjer vi fråsegn om?

Etter NVE si vurdering krev permanent løyve til å gi slike avgrensingar ei grundig vurdering av konsekvensane av ei slik avgjerd, og dessutan ein brei medverknadsprosess. Dette er derfor ikkje aktuelt i denne omgangen. Me ber derfor berre om innspel til den sekundære søknaden om mellombelse avgrensingar i ein periode på 5 år.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202511193 i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **28.01.2026**.

Utsegner eller delar av utsegner vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lange, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skriva ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Magnus Elton Veflen

Seniorrådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

KVINNHERRAD KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS - Magne Andresen